

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 232, TI - &02	16/986

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2016	Kraftfondsstyret	PS	29.11.2016

### HØGSTERETT SAK OM EIENDOMSSKATT PÅ NETTANLEGG – økonomisk støtte til saka

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
160919_b_medlemskommuner_stotte_statnett_saken_hoyesterett_lvk	20.11.2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune støttar ankesaka om eigedomsskatt på nettanlegg med kr. 20.000, finansiert med bruk av kraftfondet i 2016.

Samla sett bruker ein kr. 40.000 av kraftfondet til støtte av saka i 2016 rekneskapen til hhv. Lagmannsretten og Høgsterett.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

LVK og tre saksøkte kommunar har i samband med sak om eigedomsskatt på nettanlegg bede medlemskommunane i lvk om støtte i samband med anke til Høgsterett i Statnett-saka om eigedomsskatt på nettanlegg. LVK oppfordrar alle kommunane til å bidra! Dette er ei ny anmodning, og ikkje den samme som ble sendt ut i januar i samband med lagmannsrettens behandling av saka.

##### Fakta

Masfjorden kommune støtta saka i lagmannsretten med 20.000,-, jf. vedtak i formannskapsmøte 19.01.2016;

## Nr. 1 - Formannskapet løyver kr. 20.000

### ANMODNING OM ØKONOMISK STØTTE I FORBINDELSE MED ANKE FRA STATNETT OVER DOM OM EIENDOMSSKATT PÅ NETTANLEGG

*På denne bakgrunn oppfordrer vi som ordførere i de tre saksøkte kommunene og lederen i LVK alle kommuner med nettanlegg å bidra med kr. 20 000 i kronerulling for å støtte de tre tilfeldig utvalgte kommunene. Saken er drøftet i styret i LVK som anbefaler denne anmodningen. Innbetalinger kan foretas til LVKs kontonr. 1503.70.57247 innen 10. februar 2016, merket Eiendomsskattetvister mot Statnett.*

Litt info av saka saksa frå eit lvk nytt;

Kommunene Hjelmeland, Evje og Hornnes og Hol, med partshjelp fra LVK, har anket Gulating lagmannsretts dom av 28. juni 2016 til Høyesterett. I motsetning til Stavanger tingrett kom Gulating lagmannsrett til at domstolene kan overprøve nemndenes verdsettelseskjønn fullt ut. Lagmannsretten mente videre at takstene på Statnetts anlegg i de tre kommunene var ugyldige, og pålegger kommunene å benytte lineære avskrivninger over nettanleggets antatte levetid. Kommunene er uenig i lagmannsrettens avgjørelse om at domstolene kan prøve nemndenes verdsettelseskjønn, og hevder at lagmannsrettens retningslinje ikke samsvarer med gjeldende takseringspraksis og hvilken verdiforringelse slitet utgjør i anleggets gjenanskaffelsesverdi.

Det vert på nytt søkt om støtte frå dei andre medlemskommunane med kr. 20.000 i kronerulling til å køyre saka opp i Høgsterett. Viser elles til saksvedlegg og sjølve søknaden.

### Vurdering

Masfjorden var ein av om lag 50 kommunar som støtta saka i lagmannsretten av om lag 170-180 medlemskommunar, samt at kommunen ikkje har anlegg eigd av statnett. Statnett vil om kort tid overta anlegga til BKK nett. Dersom statnett vinn fram med saka, vil dette få konsekvensar for praksis for alle nettanlegg, og saka er såleis prinsipiell viktig. Tilrår difor at Masfjorden og støttar saka opp i mot Høgstretthandsaming av tvistesaka.

### Konklusjon

Masfjorden kommune støttar ankesaka om eigedomsskatt på nettanlegg med kr. 20.000 i støtte, finansiert med bruk av kraftfondet i 2016. Samla sett bruker ein kr. 40.000 av kraftfondet til støtte av saka i 2016 rekneskapen.

## Kraftfondsstyret - 014/2016

### KRFT - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KRFT - vedtak:**

Masfjorden kommune støttar ankesaka om eigedomsskatt på nettanlegg med kr. 20.000, finansiert med bruk av kraftfondet i 2016.

Samla sett bruker ein kr. 40.000 av kraftfondet til støtte av saka i 2016 rekneskapen til hhv. Lagmannsretten og Høgsterett.